



RTP-investeringar

Rullering 2024

Innhold

Innleiing.....	2
Rammer	3
Utfordringar på fylkesvegnettet.....	3
Fordeling av investeringsmidlar innan samferdsel.....	3
Porteføljeprioritering	5
Strekningstiltak for lågtrafikkerte fylkesvegar	6
Samfinansiering.....	6
Bompengepakkar og andre pakkar	0
Mjuka trafikantar	2
Skredsikring	5
Regionale hovudvegar	7
Bru og kai.....	9
Tunell	12
Ferjeavløysing	14
Infrastruktur knytt til kollektiv.....	16
Vegprosjekt.....	18
Miljøløftet	21

Innleiing

Fylkestinget i Vestland vedtok i juni 2022 Regional transportplan – Investeringar, basert på prioriteringane i Regional transportplan 2022-2033. Dette er del av handlingsprogrammet til RTP, og har vore rullert årleg i fylkestinget i juni. Gjennom fylkestinget sitt vedtak til saka blir det gitt overordna rammer for porteføljestyling av investeringane innan samferdsel. Dette gjeld:

- Fordeling av rammer til ulike føremål
- Kva for nye forprosjekt, kommunedelplanar og reguleringsplanar som skal startast opp
- Kva for store tiltak som er aktuelle å innarbeide i investeringsprogrammet til komande budsjett- og økonomiplan

RTP Investeringar bygg på hovudmåla for fylkesvegnettet i Regional transportplan 2022-2033 som er:

- Veksten i forfallet på fylkesvegnettet skal stoppast
- Fylkesvegnettet skal vere opent og trygt å ferdast på.
- Fylkesvegnettet skal vere sikra og tilpassa framtidige klimaendringar.

RTP Investeringar bygg også på Regional plan for klima som legg opp til ei brei samfunnsendring der vi både reduserer klimagassutsleppa, samtidig som vi tilpassar oss til dagens og framtida sitt klima, òg tek i vare naturmangfaldet.

RTP Investeringar blir følgt opp gjennom den vidare budsjett- og økonomiplanprosessen som angir fordeling av investeringane på år i den komande økonomiplanperioden 2024-2027. Vidare vil den bli følgt opp gjennom sak om løyvingar til planprosjekt for 2024.

Rammer

Utfordringar på fylkesvegnettet

Dei geografiske tilhøva for vegbygging er særskild utfordrande i Vestland. Fylket har fleire tunnelar, bruer, kaier, meir nedbør, skiftande vær, vegar som er utsette for skred, svingar og bakkar enn elles i Noreg. Mykje av vegnettet er gammalt og slitt, og ikkje tilpassa dagens krav og standardar. Låg standard og stort vedlikehaldsetterslepp går ut over trafikktryggleiken og framkome. Vestland er av fylka med høgast risiko for å bli drepen eller hardt skadd i trafikken

Vestland har mange tunnelar, bruer og kaier som er dyre å drifte, vedlikehalde og oppgradera. Ei kartlegging i 2020 viser at det mest kritiske vedlikehaldsbehovet for bruene er kalkulert til å koste 3,6 mrd. kr. Kartlegginga viser at det er tilnærma ei dobling av etterslepet sidan 2012.

Vedlikehaldsetterslepet er også stort for tunnelar, kaier, drenering, vegfundament, vegutstyr og vegdekke. Ei kartlegging viser at om lag 50% av dekke hadde dårleg eller svært dårleg kvalitet.

Det totale vedlikehaldsetterslepet er i utgangspunktet rekna til å ligge på rundt 18 mrd. kr. I tillegg er det ofte nødvendig å utbetre standarden når vi skal gjere tiltak for å ta att etterslepet. Dette på grunn av forskriftsmessige krav til dømes for bruer og tunnelar, og av omsyn til trafikktryggleik og framkome. Berre 18% av fylkesvegnettet er registrert med gul midtlinje.

Dei pågåande endringane i klima gjer at behovet for vedlikehald og oppgraderingar vil auke i dei kommande åra. Endra nedbørsmønster med hyppigare og større flaumar, fleire stormar med sterkare vind, auka skredfare og høgare stormflo gjer at infrastrukturen må tole meir enn det vi har vore vant med for at vi skal oppretthalde ein påliteleg og robust transportinfrastruktur. Å førebygge skade på vegnettet som følge av ekstremvær er generelt meir lønsamt enn å reparere etter at skaden har skjedd. Førebyggjande tiltak kan redusere kostnadane og ulempene knytt til skader, medan reparasjonar etter skader ofte kan vere dyre og krevje mykje tid og ressursar.

Dei største naturfarane for vegnettet er flaum, stormflo og ulike skredhendingar. I tillegg syt sterk vind for at bruer og ferjesamband vert stengd. Det er venta at alle desse vil auke i omfang og styrke som følgje av endringar i klima. Vestland har om lag 60% av landets skredpunkt med høg skredfaktor. Rammene til skredsikringstiltak er ikkje tilstrekkelege til å løyse utfordringane. Utløysing av dei fleste skredtypar er sterkt knytt til vêrforhold som nedbør, temperatur og vind. Klimaendringar vil auke faren for at skred og flaum kan råke nye stader der det ikkje har gått skred tidlegare. Det vert utfordrande å finansiere flaumsikring og tilpassing av vegnettet til klimaendringane.

Fordeling av investeringsmidlar innan samferdsel

I økonomiplanperioden 2023-2026 er det samla investeringsprogrammet innan samferdsel på om lag 13,7 mrd. kr. Figur 1 viser fordelinga på ulike føremål.



Figur 1: Figuren viser fordelinga av midlane i investeringsprogrammet på ulike føremål. Tala er gitt i mill. 2024-kr.

Det er planlagt investeringar på nesten 12 mrd. kr totalt. Det er særleg RTP rammene (sjå tabell 1) og bompengar/andre pakkar som utgjer dei største investeringane i perioden. Investeringstiltak kollektivområdet er hovudsakleg IKT investeringar, mens Samferdsel-Eigedom er løyvingar knytt til bygg til kollektivføremål.

Det er i figuren skilt mellom vegprosjekt og RTP rammene. RTP-rammene vart fastsett i første rullering av RTP Investeringar, og er tentative rammene til ulike område i investeringsprogrammet som styringsmål for løyvingar til ulike føremål. Desse rammene er mål for nivået på løyvingar til ulike budsjettområde for planlegging og prioritering mellom ulike budsjettområde å følgje opp strategiane i Regional transportplan. Desse rammene må forståast som måltal eller gjennomsnitt over fleire år, og vil kunne variere noko frå år til år ut i frå den samla innrettinga av budsjettet, planavklaring av prosjekt og gjennomføringsevne i organisasjonen.

Tabell 1: Oversikt over RTP rammene og mål for nivået på løyvingar til ulike budsjettområde.

Område/løyving	Mål økonomi-planperioden
Bru og kai	800 mill. kr.
Tunneloppgradering	800 mill. kr.
Planprogram	200 mill. kr.
Trafikktryggleik/ mindre utbetringar	800 mill. kr.
Samfinansiering	100 mill. kr.
Prioriterte hovudvegar	800 mill. kr.
Mjuka trafikantar	600 mill. kr.
Veg- og infrastrukturtiltak for kollektiv	100 mill. kr.
Sum	4 200 mill. kr.

Porteføljeprioritering

For å få ei meir føreseieleg oversikt over kva tiltak som blir prioriterte og kva prosjekt som må vente til vi får tilstrekkeleg med midlar, er det lagt opp til eit system med porteføljeprioritering.

Prioriteringane blir basert på følgjande:

- Måloppnåing i forhold til Regional transportplan 2022-2033 (jf. prioriteringskriteria)
- Planstatus og prosjekta si modning
- Andre forhold som gjer at prosjektet bør prioriterast, t.d. avhengigheit i forhold til statlege og kommunale prosjekt og akutte skader som må utbetrast.
- Prosjektkostnader og finansieringsmoglegheiter for prosjekta.
- Samla rammer til sektoren.

På overordna nivå skal byggbarheit, regional balanse og stordriftsfordel takast i betraktning ved prioritering av prosjekt. Kriteria over er ikkje sett i prioritert rekkefølge.

For at prosjekt skal kunne bli klare til bygging, krev det godkjente planar. I prosjektoversyna er det no brukt følgjande inndeling for å synleggjere kor modne prosjekta er i forhold til planlegging:

Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløyving
Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan
Reguleringsplan under handsaming i kommunen
Reguleringsplan under arbeid
Prosjekt klart til regulering
Prosjekt treng avklaring

Det er også basert på innspel som vart gjort i første versjon av RTP Investeringar i 2022 og i seinare dialog med kommunane.

Fylkesdirektøren har i arbeidet med prioriteringane i denne rulleringa lagt vekt på følgjande:

- Å følgje opp RTP- rammene med m.a. vidareføring av satsing på bru og tunell.
- Strategi for mjuke trafikantar legg opp til å starte to større gang- og sykkelprosjekt utanom Miljøløftet årleg. Om det er tilstrekkeleg med midlar til å kunne prioritere dette, foreslår fylkesdirektøren å prioritere gang- og sykkeltiltak knytt til Leirvik terminal. Dersom det er rom for dette, kan også fv. 49 Egne hjem i Ullensvang kommune vere aktuell for oppstart.
- Kollektivterminal på Leirvik blir prioritert for oppstart om det er økonomiske midlar til prosjektet
- Grunna akutt skade på veg er det behov for å prioritere fv. 61 Naveosen- Brubakken i Stad kommune.
- Det er også behov for å starte opp eit større skredsikringsprosjekt, og det blir vist til fylkestinget sine tidlegare prioritering av fv. 607 Heilevang og fv. 49 Tokagjelet. Konkurransen for fv. 607 Heilevang er avlyst i påvente av nærare avklaringar. Reguleringsplanen for fv. 49 Tokagjelet er venta til 1. gongs handsaming sommar/tidleg haust 2024 med sikte på vedtak oversendt Kvam herad til godkjenning.
- Grunna at E39 Hafstadfjelltunellen ligg inne i Nasjonal transportplan 2024-2027 kan det bli mogleg å bruke overskotsmassar frå tunellen til fv. 57 Storehaugen – Perhaugen, evt også mindre utbetringar som ikkje krev reguleringsplan vidare mot Bygstad. Framdrift her vil vere avhengig av framdrifta for E39 Hafstadfjelltunellen.
- Det blir arbeidd vidare med å kartleggje dei økonomiske konsekvensane av ferjavløysingsprosjekt., samt arbeidd opp mot staten for å betre ordninga. Fylkesdirektøren kjem tilbake med sak om ferjavløysing til fylkestinget i oktober.

Strekningstiltak for lågtrafikkerte fylkesveggar

Med strekningstiltak blir det her meint samling av ulike punkttiltak langsetter ei strekning. Det kan t.d. vere utviding av smale parti, siktutbetring, forsterking av vegkroppen, bygging av møteplassar, fortau, oppgradering av busshaldeplassar mm. Det blir lagt vekt på å utnytte handlingsrommet i vegnormalane, og det kan vere aktuelt å prioritere tiltak som ikkje krev reguleringsplan. Målet er ikkje å ha ein gjennomgåande standard, men å ta dei viktigaste flaskehalsane og farlege punkt langsetter ei strekning.

Sentrale kriterium er å betre framkome og trafikktryggleiken på strekningane og redusere forfallet. Det er under planlegging mindre strekningsvise tiltak på fv. 620 Kjøde- Sandvik i Stad kommune og fv. 424 Flyplassvegen i Sogndal kommune.

Det er under vurdering I første omgang blir det rådd til å gjennomføre ei kartlegging av moglege tiltak på følgjande strekningar i dialog med dei aktuelle kommunane:

- Fv. 576 Mundheim- Tørvikbygd
- Fv. 607 Hyllestad

Det er i tillegg sett på ein rekkje andre strekningar som er aktuelle for tiltak. Strekningane er valde ut i frå behov for utbetringar og moglegheit for å kunne føreta mindre strekningstiltak. Det er hovudsakleg vald vegar i vegklasse C (lokale hovudveggar), men også nokre i vegklasse D grunna store utfordringar med drift av vegen grunna stort forfall. Dette er:

- Fv. 569 Modalen-Dalseid.
- Fv. 5602 Feios-Fresvik
- Fv. 614 Isane- Grov
- Fv. 606 Daløy ferjekai- Krakhella ferjekai
- Fv. 567 Valestrandfossen-Tysso
- Fv. 618 Almenningen-Kjøde
- Fv. 5386 Raundalsvegen
- Fv- 579 Lyssand-Holdhus
- Fv. 565 Kaland-Isdalstø
- Fv- 548 Torali-Skånevik-Håland
- Fv- 563 Ask- Åsebø
- Fv. Håra-Grense Sauda

Det blir gjennomført ei nærare kartlegging av desse strekningane, m.a. ved berevningmålingar, og det blir vidare dialog med aktuelle kommunar. Omfang av tiltak vil vere avhengig av framtidige økonomiske rammer. Det blir lagt opp til å kome tilbake til nærare prioriteringar i neste rullering av RTP Investeringar i 2025.

Samfinansiering

Samfinansiering er eit verktøy for få realisert fleire fylkesvegprosjekt, i samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunar, private verksemdar eller staten. For å bli vurdert bør tiltaket gi betre trafikktryggleik, betre framkome, vera tiltak for mjuke trafikantar eller kollektivtiltak. Midlane skal nyttast til mindre prosjekt der andre går inn med bidrag. Aktuelle samfinansieringsprosjekt kan variera i kostnad mellom nokre få hundre tusen kroner til fleire hundre millionar kroner. Det er som omtalt i avsnitt 2.5. lagt til grunn 100 mill. kr. i økonomiplanperioden for samfinansieringsprosjekt.

Fylkesdirektøren legg følgjande til grunn for samfinansieringsprosjekt:

- Mindre tiltak kan dekkast innafor den årlege løyvinga til posten samfinansiering. Dette vil gjera det mogleg å realisera byggeklare, gode tiltak som oppstår i samhandling med kommunar og andre gjennom året, på ein rask og ubyråkratisk måte.

- Middels store tiltak kan dekkast innafor rammeløyvinga til samfinansiering når tiltaket er tilstrekkeleg planavklart og har finansiering. Desse prosjekta treng ofte ytterlegare planavklaring og dialog, og må «konkurrera» med andre tilsvarande tiltak innafor rammene.
- Samfinansieringsprosjekt over 50 mill. kr vil normalt krevja fylkeskommunal løyving utover rammene til samfinansiering. Desse prosjekta vil få eiga linje under dei andre rammeløyvingane, og budsjettprosessen for desse er tilsvarande andre fylkesvegprosjekt.

Nokre store prosjekt som skal realiserast eller er i prosess er:

- Fv. 5184 Grimstadvegen, Bergen kommune. Avtale om samfinansiering er ikkje inngått.
- 5402 Bavallsvegen, Voss kommune. Forventa oppstart hausten 2024
- Fv. 5156 Åsen - Helleskaret, Bjørnafjorden. Under bygging.

Mindre prosjekt som er under bygging/skal startast opp:

- Fv. 570 Punktutbetring søre Kvingo - Kvamme, Masfjorden
- Fv. 571 Punktutbetring Kringla, Gulen
- Fv. 542 Utbetring av Leirdalskrysset, Bømlo
- Fv. 570 Steine Hovden gs-veg Gulen
- Fv. 5286 Fortau Brattholmen skule til kai Øygarden

Tiltak under vurdering:

- Grøft Årdalstangen - Loi – straum til Steiggjetunnelen, Årdal
- Rundkjøring ved Storebøterminalen, Austevoll
- Fv. 506 Punktutbetring, Solund
- Fv. 5064 Fortau Jensanesvegen i Sagvåg, Stord
- Fv. 601 Prestfossen bru, nytt tilbod for mjuke trafikantar, Førde Sunnfjord
- Fv. 614 punktutbetringar mellom Holmaneset og Svelgen, Bremanger
- Fv. 567 Etablering av tilbod for mjuke trafikantar ved Holmane Næring i Fotlandsvåg, Osterøy



Opning av ny fv. 565 Marås-Soltveit, 30. april 2024. Foto: Vestland fylkeskommune

Bompengepakkar og andre pakkar

Kartet på Storymap viser prosjekt på fylkesveg i regi av bompengepakkar, men ikkje prosjekt på riksveg og kommunal veg. Mindre prosjekt i bompengepakkene går heller ikkje fram av kartet.

Stortingsproposisjonane legg føringar for styring av bompengepakkar.

Med utgangspunkt i oppdaterte kostnadsanslag viser det seg at ikkje alle prosjekta let seg finansiere i fleire av pakkane. Pakkane skal porteføljestyrt, og det vil vere behov for å ei vurdering av moglegheiter for kostnadsreducerande tiltak og/eller at prosjekt må utgå av pakkane. Det er kontaktutvala for bompengepakkane som har ansvar for porteføljestyring av pakkane.

Det er følgjande pakker som omfattar fylkesveg:

Førdepakken

Førdepakken vart vedteken i 2015 med delvis bompengefinansiering. Samla sett er det 20 prosjekt på riksveg, fylkesveg og kommunal veg. Statens vegvesen er byggherre for pakken. Samferdselsdepartementet har godkjent at det kan fremjast ein ny proposisjon for å forlenge pakken med fem år fram til oktober 2033.

Nordhordlandspakken

Nordhordlandspakken vart vedteken i 2017 med delvis bompengefinansiering. Pakken har 19 delprosjekt, og omfattar både fylkesveg- og riksvegprosjekt.

Askøypakken

Askøypakken vart vedteken i 2013 med delvis bompengefinansiering av fylkesvegprosjekt. Revidert Askøypakke vart vedtatt mai 2022, og legg opp til eit bidrag i finansiering med ytterlegare 648 mill. kr. til fullføring av dei attverande prosjekta i pakken.

Bypakke Bergen

Bypakke Bergen inngår som del av byvekstavtalen for Bergensområdet, og finansierer ulike tiltak for å nå det nasjonale målet om nullvekst i persontransport med personbil i Bergen. Prosjekta i Bergen er omtala under Miljøløftet.

Kvinnheradpakken

Stortinget vedtok bompengepakken i mai 2022. Den er delvis finansiert gjennom bruk av m.a. fylkeskommunale skredsikringsmidlar. Pakken omfattar 7 prosjekt på fylkesveg, inklusiv ei samleøyving til punkttiltak/TS-tiltak.

Bømlopakken

Stortinget vedtok Revidert Bømlopakke i desember 2021, med 3 hovudprosjekt og 3 reserveprosjekt på fylkesveg.

Kvammapakken

Innkrevjinga i Kvammapakken går til å dekke lån til tidlegare investeringar, og det blir ikkje sett i gang nye prosjekt i pakken.

Haugalandspakken

Haugalandspakken har ikkje innkreving i Vestland, men omfattar prosjekt i Sveio og Etne kommunar. Pakken er forlenga fram til utgangen av 2026, eller til en eventuell ny bompengefinansiert bypakke for Haugesund er etablert

Austevollpakken

Austevollpakken er ikkje ein bompengepakke, men eit spleiselag med Austevoll kommune om tiltak på fylkesveg i kommunen. Pakken omfattar 4 prosjekt.

Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløysing

Fv. 564 Frekhaugkrysset x fv. 5308-Sagstadvegen, Alver

- Planlagt ferdig mars 2025

Fv. 564 Fløksand-Vikebø, Alver

- Grunnerverv, totalentreprise
- Ikkje lyst ut, estimert ferdig 2029

Fv. 5310 Fosse- Moldekleiv, Alver

- Prosjektering, utlysing haust 2024

Fv. 562 Lavik-Haugland, Askøy

- Ny veg og gang- og sykkelveg

Fv. 5246 Slettebrekka-Hetlevik, Askøy

- Ny veg/tunell med gang og sykkel

Fv. 542 Notland-Mosterhavn, Bømlo

- Ny veg under bygging

Fv. 541 Sakseid-Ekornseter-Hestaneset, Bømlo

- Ny veg
- Under anskaffing

Fv. 546 Storebø-Eidsbøen, Austevoll

- Utlyst våren 2024

Fv. 500 Folgefonntunellen-Årsnes

- Tunell og utbetringstiltak. Under bygging

Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

Fv. 5266 Fromreide-Kjerrgarden, Askøy

- Vegutbetring og gang og sykkel
- Førebels sett på vent

Fv. 562 Fauskanger, Askøy

- Vegutbetring og gang og sykkel
- Førebels sett på vent

Fv. 565 Grense Radøy/Lindås

- Utbetring av veg og etablering av gang- og sykkelveg.
- Førebels sett på vent

Reguleringsplan under arbeid

Ny fv. Angedalsvegen-Hafstad

- Ny veg med bru over Jølstra, inkl. gang- og sykkel- tiltak

Fv. 601 Storehaugen-Angedalsvegen

- Vegutbetring med gang- og sykkeltiltak

Fv. Halbrendøyra-Indre Øyrane

- Ny bru inklusiv tilkomstvegar
- Sett på vent

Fv. 544 Sæbøvik-Eidsvik-Tofte

- Ny gang og sykkelveg

Fv. 500/548 Opsanger-Porsvik – regulering

- Ny gang og sykkelveg ved Sunde ferjekai

Prosjekt klart til regulering

Fv. 5142 Torangsvåg; Austevoll

- Reguleringsplan under oppstart

Prosjekt treng avklaring

Fv. 57 Knarvik-Isdalstø

- Avventar utfall av kommunedelplan for ny E39 Flatøy-Eikefettunellen

Fv. 565 Hilland-Radøy grense

- Førebels sett på vent

Fv. 564 Sandskaret-Holme

- Førebels sett på vent

Fv. 525 Kollektivtiltak Manger sentrum

- Førebels sett på vent
- Føregår eit miljøløftprosjekt med fortau.

Fv. 57/fv. 5474 Vatnekrysset

- Førebels sett på vent



Foto: Silje Alvsaker/Vestland fylkeskommune

Mjuke trafikantar

Tiltak for tilrettelegging for mjuke trafikantar er delt opp i prosjekt innanfor avtaleområdet til Miljøløftet, og for Vestland utanom Miljøløftet (heretter omtalt som Vestland). For prosjekt i avtalekommunane til Miljøløftet, sjå Miljøløftet lenger bak i dokumentet.

Alle prosjekta er vurdert ut frå eit hovudmål om å få fleire til å gå og sykla i staden for å nytte bil.

For prosjekta i Vestland ligg definerte delmål og prioriteringskriterium i Strategi for mjuke trafikantar til grunn. Hovudkriteria for rangering er:

- Avstand mellom heim og skule (strekningar nær skular blir prioritert)
- Befolkningstettleik langs ei strekning (strekningar som har mange potensielle brukarar blir prioritert)
- Om anlegget tener fleire daglege gjeremål (strekningar med stort bruksområde blir prioritert).

Prosjekta er lista opp ut frå modenheit. Hovudkriteria for rangering av prosjekta gir grunnlag til å vurdere kva prosjekt som blir prioritert for vidare utgreiing og reguleringsplanarbeid. Prosjekta som er vurdert med høgast måloppnåing er fv. 5704 Firdavegen, fv. 5402 Ringheimsvegen, fv. 5056

Saghaugen/Kjøtteinsvegen og fv. 544 Vabakkjen-Sæ.

Spleiselag og/eller rekkjefølgjekrav kan vera aktuelt på ein del av strekningane, men dette vil bli avklart på eit seinare tidspunkt. Meir om dei enkelte er lista opp under:

Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløyving

Fv. 567 Loftås-Hauge, Osterøy

- Utbetring av veg og etablering av gang- og sykkelveg i lengde av 1370 meter
- Prosjektet er under prosjektering
- Budsjettet til 158,6 mill.kr.

Fv. 79 Øystese-Laupsa, Kvam

- Etablere samanhengande fortau og utviding av veg til to køyrefelt
- Prosjektet er ferdig prosjektert
- Budsjettet til 72,5 mill.kr.

Fv. 611 Eikefjord-Sunnarvik, Kinn

- Etablering av gang- og sykkelveg i lengde av 1350 meter
- Prosjektet er under bygging
- Budsjettet til 55,2 mill.kr.

Fv. 601 Prestfossen bru – gang og sykkelbru, Sunnfjord

- Etablere samanhengande tilbod for mjuke trafikantar mellom to fylkesveggar
- Mogeleg samfinansiering med Sunnfjord kommune, prosjektet byggast av Førdepakken
- Kostnadsoverslag: 30-45 mill.kr.

Reguleringsplan under handsaming i kommunen

Fv. 615 Sandane-Storebrua, Gloppen

- Etablere fortau og utbetre veg fram til bru over Gloppeelva
- Reguleringsplan på 1. gongs høyring
- Kostnadsoverslag: 50-120 mill.kr

Fv. 271 Sjukehusvegen frå kryss Skulevegen til kryss Ofta, Lærdal

- Etablere fortau over Lærdalselvi mot sjukehuset og Ofta
- Reguleringsplan på 1. gongs høyring

Fv. 5402 Ringheimsvegen (frå Rognstunet), Voss

- Etablere tilbud til mjuke trafikantar
- Reguleringsplan på 1. gongs høyring
- Kostnadsoverslag: 55-110 mill.kr.

Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

Fv. 60 Hildestranda, Stryn

- Etablere tilbud til gående og syklande på strekning på 900 meter
- Sjåast i samheng med ny Storelva bru

Fv. 615 Sandane sentrum, miljøgate, Gloppen

- Opprusting av gate til miljøgate på 130 meter

Reguleringsplan under arbeid

Fv. 49 Egne Hjem, Ullensvang

- Etablere fortau, breiddeutvide veg og rydde opp i gatesituasjon
- Prosjektet er under planlegging
- Kostnadsoverslag: 80-120 mill.kr.

Fv. 500/548 Opsanger-Reset, Kvinnherad

- Gang- og sykkelveg i lengde av 2600 meter og utbetring av veg til to køyrefelt
- Vedtak om planoppstart

Fv. 609 Holmedal skule, Askvoll

- Etablere gang- og sykkelveg i lengde av 1200 meter austover frå Holmedal skule
- Planoppstart er varsla

Prosjekt klart til regulering

Fv. 5704 Brandsøy–Solheim Kinn

- Etablere fortau i lengde av om lag 1200 meter frå Solheim til Rv. 5
- Planlegging bestilt

Fv. 5731 Sandane–Austreim, Gloppen

- Etablere og utbetring av fortau i lengde av 800 meter
- Forprosjekt ferdigstilt

Fv. 5012 Giljevegen, Bømlo

- Tilbod til mjuke trafikantar frå Alsvågkrysset til Svortland
- Reguleringsplanlegging kan startast opp

Fv. 60 Byrkjelo-Øvresetsvingen, Gloppen

- Etablere tilbud til mjuke trafikantar knytt til Byrkjelo sentrum

Fv. 615 Storebrua-Fitje, Gloppen

- Ny bru og fortau over Gloppeelva
- Forprosjekt ferdigstilt
- Kostnadsoverslag 85 – 195 mill.

Fv. 5392 Bordalsvegen, Voss herad

- Etablere fortau frå Nedre Storehagen mot Voss sentrum
- Reguleringsplan arbeid kan startast opp

Fv. 5060 Litlabøvegen, Stord

- Etablere gang- og sykkelveg i lengde av 650 meter
- Reguleringsplan arbeid kan startast opp

Prosjekt treng avklaring

Fv. 57 Dalsvegen (sentrum), Fjaler

- Bygge fortau frå sentrum til helsetun. Trong for ny bru og/eller utvida kulvert i tillegg til nytt fortau.
- Avventar vidare avklaring

Fv. 605 Eivindvik, Gulen

- Betre tilrettelegging for mjuke trafikantar.
- Uavklarte tiltak. Avventar forprosjekt og eventuell regulering

Fv. 5704 Firdavegen, Florø, Kinn

- Strekning på 900 m som treng oppgradering av fortau. I tillegg blir det vurdert om det skal byggast sykkelfelt og fortau på begge sider. Førebels uavklart. Lengde ca. 900 m.

Fv. 5609 Njøs-Røysum, Sogndal

- Fortau og delvis utviding av veg. Lengde ca. 2,2 km.
- Forprosjekt i 2023 for å avklare løysingar og utstrekning. Behov for ny reguleringsplan

Fv. 49/ fv. 5132 Bjelkarvik-Bjørkheim,

Samnanger

- Betre tilrettelegging for mjuke trafikantar
- Pågår områdeplan i kommunal regi

Fv. 546 Skånevik sentrum, Etne

- Betre tilrettelegging for mjuke trafikantar.
- Uavklart tiltak. Avventar forprosjekt

Fv. 4980 Gullvegen, Sveio

- Gang- og sykkelveg
- Uavklart tiltak. Avventar forprosjekt

Fv. 5056 Saghaugen/Kjottensvegen, Leirvik, Stord

- Oppgradering og utviding av dagens fortau. Vurdering av aktuelle tilbod til syklande. Lengde ca. 1300 m
- Forprosjekt pågår

Fv. 544 Vabakkjen–Sæ (miljøgate), Stord

- Opprusting av gate og bygging av sykkelveg med fortau. Lengde 2,2 km totalt.
- Forprosjekt for å avklare løysingar og eventuell optimalisering av reguleringsplan. Delvis utbygging aktuell i komande økonomiplanperiode

Fv. 49 Sætveithagen-Jondal, Ullensvang

- Betre tilrettelegging for mjuke trafikantar.
- Forprosjekt i 2023 for å avklare løysinga



Skred ved Heimfonna, fv. 5724 Oldedalen, desember 2023. Foto: Vestland fylkeskommune

Skredsikring

I Regional transportplan 2022-2033 er det lagt til grunn slik strategi for prioritering av skred:

«Ved prioritering og utbetring av skredpunkt skal nasjonal skredfaktor leggest til grunn, samt tilleggsmoment som ÅDT, lokale og regionale verknader av stengt veg, geologiske vurderingar og frekvens på skred».

Prioriteringane bygger på denne strategien. Det er i tillegg lagt vekt på regional balanse i prioritering av skredpunkt.

I 2024 får Vestland fylkeskommune i overkant av 434 mill. kr til særskilt fordeling til ras- og skredsikringstiltak på fylkesveg gjennom inntektssystemet for fylkeskommunane¹. I tråd med tidlegare vedtak i fylkestinget, skal desse midlane i heilskap gå til skredsikringstiltak.

Vestland fylkeskommune er vegeigaren med flest skredpunkt med høg skredfare, med 71 skredpunkt i høg kategori. Det er dermed store behov for skredsikring langs fylkesvegnettet i Vestland. Fylkestinget har prioritert 7 store skredsikringsprosjekt. Av desse er Fv. 609 Heilevang og Fv. 49 Steinsdalen – Eikedalen (Tokagjelet) prioritert. For Heilevang er konkurransen avlyst i påvente av nærare

avklaringar. Arsaka er meir krevjande grunnforhold enn føreset.

Meir informasjon om dei enkelte prosjekta er lista opp under:

Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløying

Fv. 609 Heilevang, Askvoll/Sunnfjord

- Ny veglinje med 2450 m tunell
- Totalentreprise. Førebels utsett. Supplerande grunnundersøkingar er planlagt ferdig haust 2024.

Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

Fv. 55 Bru over Esefjorden, Sogndal

- Ny vegline med bru over Esefjorden. Lengde ca. 750 m. Inkl. tilbod for mjuke trafikantar.
- Reguleringsplan vedteke mars 2024.
- Kostnadsoverslag: 700-950 mill. kr.

Reguleringsplan under arbeid

Fv. 49 Nordrepollen – Austrepollen, Kvinnherad

- Ny veglinje med tunell.
- Planprogram vedteken. Førebels vurderast fleire trasealternativ.
- Kostnadsoverslag: 850-1250 mill.kr. (frå forprosjekt juni 2022).

Fv. 49 Steinsdalen – Eikedalen (Tokagjelet), Kvam/Samnanger

¹ Grønt hefte, tabell C-fk, s. 64

- Ny veglinje med 9,6 km lang tunell. Tilbod for mjuke trafikantar på delar av strekninga.
- Vedtak reguleringsplan venta i 2025. Fylkestinget har bedt om vurdering av delvis bompengefinansiering, men Samnanger kommune har førebels avvist dette.
- Kostnadsoverslag: 3300-4000 mill. kr.

Prosjekt treng avklaring

Fv. 5600 Arnafjorden, Vik

- Skredsikring av strekninga Eitreneset-Valsvikhammaren. Vurdering av alternativ for skredsikring med ny veg i tunnel og punkttiltak langs eksisterande veg. Omfang ikkje avklart.
- Planlagt ferdigstilling av forprosjekt i 2025.

Fv. 5724 Oldedalen, Stryn

- Vurdering av tunnel, skredoverbygg og andre skredsikringstiltak. Omfang ikkje avklart.
- Forprosjekt under oppstart.

Fv. 79 Steinstøberget, Kvam

- Vurdering av skredsikring med ny vegline og tunell. Omfang av tiltak ikkje avklart.
- Forprosjekt under oppstart.

Det er og lagt opp til at om lag 100 mill. kr årleg blir avsett til mindre tiltak innan skredsikring. Dei konkrete mindre tiltaka blir prioriterte gjennom årsbudsjetta til fylkeskommunen.

I tillegg til dei prioriterte, store skredsikringsprosjekta og dei mindre skredsikringstiltaka er det fleire skredpunkt med høg og middels skredfare med behov for mellomstore tiltak. Dette gjeld særleg tiltak som inneberer skredvoll eller overbygg då desse som regel krev reguleringsplan og kostar meir enn 50-100 mill. kr.

For å sjå korleis Vestland fylkeskommune kan få meir skredsikring for pengane, arbeidast det med eit kunnskapsgrunnlag om innovativ skredsikring. Det er eit mål at arbeidet skal resultera i eitt eller fleire pilotprosjekt. Pilotprosjekta kan vera aktuelle å realisera som mindre tiltak innan skredsikring.

Regionale hovudvegar

I Regional transportplan 2022-2033 er det lagt til grunn utviklingsstrategi i tråd med kunnskapsgrunnlaget Strekningsvise utgreiingar. Dette gjeld følgjande strekningar, jf. kart i figur 2:

- Fv. 48 Årnes-Tysse, Kvinnherad, Kvam, Bjørnafjorden og Samnanger
- Fv. 49 Odda-Jondal-Trengereid, Ullensvang, Kvam, Samnanger og Bergen
- Fv. 55 Skjolden-Sogndal og Dragsvik-Vadheim, Luster, Sogndal og Høyanger
- Fv. 57 Knarvik-Storehaug, Alver, Austrheim, Gulen, Hyllestad, Fjaler og Sunnfjord
- Fv. 79 Granvin-Norheimsund, Voss kommune og Kvam herad
- Fv. 500 Austrepollen-Ranavik, Kvinnherad
- Fv. 609 Dale-Askvoll-Førde, Fjaler, Askvoll og Sunnfjord
- Fv. 615 Storebru-Sandane, Kinn og Gloppen

Det blir lagt opp til ei ramme på 800 mill. kr i økonomiplanperioden for tiltak langs regionale hovudvegar.

Nedanfor blir det gitt ei oversikt over dei største prosjekta langs dei prioriterte hovudvegane, og kva fase prosjekta er i:

Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløysing

- Fv. 57 Holmeli-Nistadlia, Fjaler
 - Utbyggingsprosjekt med utbetring av eksisterande veg og litt ny veg
- Fv. 79 Øystese-Laupsa, Kvam
 - Gang og sykkelprosjekt
- Fv. 79 Øystese-Granvin, Kvam
 - Punktvis breiddeutviding for betre

framkome

- Fv. 500 Folgefonntunnelen-Årnes
 - Utbyggingsprosjekt med utbetring av eksisterande veg og skredsikring med tunnel.
- Fv. 609 Heilevang
 - Skredsikring i form av ny tunnel mellom Heilevang og Hestvika. Reguleringsplan er vedteke. Utbygging utsett i påvente av meir grunnundersøking.

Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

- Fv. 57 Perhaugen-Storehaugen
 - Aktuell for iverksetjing ved utbygging av E39 Storehaugen-Førde.
- Fv. 55 Bru over Esefjorden
 - Reguleringsplan vedteke 2024 for skredsikring med bru.
 - Fv. 57 Lindås tettstad-Mongstad
 - Utbetring av veg, kryss og etablering av gs-veg.
 - Klage på reguleringsplan
 - Omfattande plan, behov for å vurdere mindre omfattande tiltak
- Fv. 57 Strandanes-Holmeli
 - Reguleringsplan i regi av kommunen
 - Under reguleringsplanendring

Reguleringsplan under handsaming i kommunen

- Fv. 49 Egne Hjem
 - Reguleringsplan under arbeid for utbetring av veg og tilrettelegging for mjuke trafikantar
- Fv. 55 Tronvik-Ulvåna
 - Delvis utbetring langs eksisterande veg, noko ny vegline. Lengde om lag 5,5 km.
 - Reguleringsplan venta vedteke i 2024

Reguleringsplan under arbeid

- Fv. 55 Høyheimsvik-Nes
 - Reguleringsplan under arbeid for vegutbetring.
- Fv. 500 Sæbøvik-Eidsvik-Tofte



- Reguleringsplan under arbeid for gang og sykkel og mindre utbetringar på veg.

Fv. 500 Opsanger -Porsvik (både fv. 500 og 548)

- Regulering av gang – og sykkeltilbod.

Fv. 615 Sandane-Storebrua

- Reguleringsplan under arbeid for bygging av fortau

Prosjekt treng avklaring

Fv. 48 Mundheim-Holdhus

- Forprosjekt for å vurdere utbetring langs eksisterande veg.

Fv. 57 Båtevika-Storehaugen

- Kommunedelplan under arbeid for utgreiing av moglege alternativ for veglinjer.
- Ved Steinstøberget: Forprosjekt for å vurdere regulering av tunnel for skredsikring.

Fv. 500 Forprosjekt for nytt ferjesamband Stord-Kvinnherad

- Moglegheit for innkorting av ferjesambandet, forprosjekt under oppstart.

Fv. 49 Jondal-Sætveithagen

- Forprosjekt for å vurdere løysing for mjuke trafikantar.

Fv. 57 Sætenes-Strandanes

- Utbetring av veg på ei strekning på 2,7 km
- Omfang ikkje avklara, dialog med kommunen om omfang.
- Vurdere bompengefinansiering

Fv.57 Kvernberget/Steinatunnelen

- Kvernbergtunnelen kan ikkje tilrådest for bruk av mjuke trafikantar. Det blir freista å finne ei løysing på samfinansiering med Sunnfjord kommune for å utbetre Steinatunnelen og gamlevegen på utsida av Kvernbergtunnelen til bruk for mjuke trafikantar.



Fv. 565 Alverstraumen bru. Foto: Vestland fylkeskommune

Bru og kai

I Regional transportplan 2022-2033 leggst følgjande kriterier til grunn for prioriteringane:

«Bruer med høgast skadegrad og der forfall har stor betydning for levetid skal prioriterast for vedlikehald og oppgradering».

Behovet for oppgradering i Vestland er stort, men kapasiteten på gjennomføring av vedlikehaldsprosjekt er avgrensa av på kapasiteten på gjennomføring av vedlikehaldsprosjekt. Det er utarbeida fagleg grunnlag for bru og ferjekai, sjå [underlagsrapport-rtp--bru-ferjekai-og-hurtigbatkai_28.06.21.pdf \(vestlandfylke.no\)](#).

I kartet for storymap inngår berre dei største prosjekta.

Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløyving

Fv. 542 Bømlafjordbrua, Bømlo

- Utbetring og etablering av avfuktingsanlegg
- Pågåande arbeid
- Kostnadsramme: 146,8 mill.kr.

Fv. 616 Oldersund og Hamrøy bru, Bremanger

- Rehabilitering av bæresystem

- Pågåande arbeid
- Kostnadsramme: 114,4 mill. kr.

Storelva, Stryn

- Etablering av ny bru etter flaumskade
- Pågåande arbeid
- Kostnadsramme: 41,4 mill. kr.

Hjorteset og Solheim, Gløppen

- Etablering av to nye bruer
- Kostnadsramme: 23,3 mill. kr.

Gytri og Briksdal, Stryn

- Etablering av to nye bruer i Oldedalen

Fv. 5266 Herdlesundet bru

- Rehabilitering av kablar og hengestenger og etablering av katodisk beskytting

Lepsøysundet, Bjørnafjorden

- Rehabilitering av bru og etablering av katodisk beskyttelse
- Kostnadsramme: 18,5 mill. kr.

Sandal bru, Bjørnafjorden

- Flaumskadd bru
- Bygging av ny bru og tilkomstveggar

Tofterøy bru, Øygarden

- Rehabilitering av kablar og hengestenger. Katodisk beskyttelse av bruplate.

Herandelva bru, Ullensvang

- Sanering av eksisterande bru og etablering av ny, samt tilpassing av veglinje
- Kostnadsramme 21 mill. kr.

Fjeldbergøy ferjekai, Kvinnherad

- Bygging av ny ferjekai
- Ferdigstillast i 2024

Hatvik/Venjanaset ferjekai, Bjørnafjorden

- Utviding av ferjekaibru
- Planlagt oppstart 2025

Skånevik ferjekai, Etne

- Ny ferjekaibru og tilleggs kai
- Planlagt oppstart 2026

Lerøy ferjekai, Øygarden

- Utviding
- Planlagt utbetring 2026

Krokeide ferjekai, Bergen

- Forlenging tilleggs kai
- Planlagt utbetring 2027

Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

Fv. 571 - Mollandseid bru, Masfjorden

- Rehabilitering eller etablering av ny bru
- Ny løysing er under prosjektering
- Kostnadsoverslag: 30 mill.kr.

Fv. 5430 Fitje bru, Osterøy

- Ny bru, heving av vegline,
- Bør skiftast ut før 2028
- Kostnadsoverslag: 20 mill.kr.

Fv. 5412 Seters bru, Modalen

- Bru utsett for skade frå ras, bør skiftast ut før 2028
- Ny bru veglinje må truleg hevast
- Kostnadsoverslag: 25 mill.kr.

Fv. 569 Slottet bru, Modalen

- Rasutsett bru bør skiftast ut før 2028, sjåast i samanheng med skredsikringsprosjekt
- Etablere ny bru og heving av vegline
- Kostnadsoverslag: 25 mill.kr.

Fv. 606 Steinsund Indre, Solund

- Montering av katodisk anlegg
- Kostnadsoverslag: 30 mill.kr.

Fv. 5238 Vindkjeften bru, Øygarden

- Rehabilitering av eksisterande bru med ny bruplate
- Kostnadsoverslag: 15 mill.kr.

Fv. 5386 Ygre bru, Voss

- Overgangsbru jernbane, behov for utskifting av bruplate
- Kostnadsoverslag: 6 mill.kr.

Fv. 630 - Kvamme Øvre bruer, Lærdal

- Truleg behov for utskifting av bruer
- Kostnadsoverslag: 29,6 mill.kr.

Fv. 583 Kulvert Osøyro

- Kulvert 115 m. Ikkje behov for reguleringsplan

Reguleringsplan under handsaming i kommunen

Alverstraumen bru, Alver

- Einfeltsbru med lysregulering og dårleg tilstand
- Etablering av ny bru over Alverstraumen og tilhøyrande vegsystem
- Reguleringsplan er under slutthandsaming

Reguleringsplan under arbeid

Rørdalsfjord, Solund

- Bygging av ny bru
- Prosjektet er i planleggingsfase

Ranavik hurtigbåtkai, Kvinnherad

- Ny hurtigbåtkai som erstatning for mellombels kai
- Oppstart 2024

Prosjekt treng avklaring

Fv. 570 Risnes bru, Masfjorden

- Ny bru må etablerast
- Forprosjekt under arbeid, truleg ikkje behov for reguleringsplan
- Kostnadsoverslag: 95 mill.kr.

Fv. 79 Fykkesund bru, Kvam

- Gamal hengebru med avgrensa levetid
- Førslått oppstart av forprosjekt i 2025
- Må truleg utarbeidast reguleringsplan

Fv. 500 Vesle Svoldøla, Kvinnherad

- Rehabilitering av bru, eventuelt etablering av ny bru

- Forundersøkingar skal avklare løysing
- Fv. 500 Sunndal bru, Kvinnherad
- Smal bru med dårleg rekkverk
 - Vurderer ny bru med løysing for mjuke trafikantar
- Fv. 55 Raundalsåni bru, Høyanger
- Bru utsett for skade frå skred
 - Ny bru og ny veglinje vurderast
- Fv. 53 Naustbukti øst rasoverbygg
- Rasoverbygg med store skader
 - Etablering av nytt overbygg, løysing vurderast
- Fv. 57 Rysjedalsvika, Hyllestad
- Tilleggskai og landkar/betongplante i dårleg tilstand
 - Vurdering av ny ferjekai.
 - Forprosjekt må vurdere tiltak
- Fv. 549 Hodnanes ferjekai, Tysnes
- Forlenge tilleggskai med støttepunkt
- Fv. 546 Husavik ferjekai, Austevoll
- Ny og større ferjekaibru
- Fv. 5114 Varaldsøy ferjekai, Kvinnherad
- Ny ferjekaibru og tilleggskai
- Fv. 48 Gjermundshamn ferjekai, Kvinnherad
- Ny større ferjekaibru, bør samkøyrast med utbetring på land
- Fv. 5714 Husevågøy ferjekai, Kinn
- Ny og større ferjekaibru og ny tilleggskai
 - Vurderast om det kan løysast gjennom dispensasjon eller om det må utarbeidast reguleringsplan
- Fv. 614 Isane ferjekai, Bremanger
- Ny tilleggskai
 - Planlagt utført 2028
- Fv. 616 Måløy ferjekai, Kinn
- Ny tilleggskai
 - Planlagt utført 2028
- Værlandet ferjekai, Askvoll
- Behov for ny ferjekaibru og tilleggskai, eventuelt med ny plassering
 - Behov for reguleringsplan, forprosjekt må gjennomførast
- Losna ferjekai, Solund
- Prosjekt sett på vent i påvente av vurdering angående framtidig løysing

Tunell

I regional transportplan 2022-2033 er det lagt inn slik strategi for tunnel:

«Fylkesveggtunnelane med høgast trafikkmengd, stigning og lengde skal prioriterast for oppgradering etter tunneltryggleiksføresegna (TSF) innan 2031».

Det er utarbeida eit fagleg grunnlag for tunnelar som er omfatta av tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg, sjå rtp-tunneloppgradering-etter-tsf.pdf (vestlandfylke.no). Forskrifta gjeld for tunnelar som er 500 meter eller lengre, og har ÅDT på 300 eller meir.

I det faglege grunnlaget vart minimumskrav etter forskrift rekna til om lag 1,8 mrd. kr og nærare 3,1 mrd. kr om ein skal følgje faglege tilrådingar og tilleggselement som har kome i handbok N500 Veggtunnelar. SSB sin indeks for kostnadsutvikling for veggtunnelar viser ein vekst på i underkant av 30 pst sidan 1. kvartal 2019 (kunnskapsgrunnlaget er basert på 2019-tal).

Det er behov for å vurdere rekkjefølgja for prosjekt nærare. Dette dels grunna at kostnadene har vist seg å vere ein del høgare enn antatt i det faglege grunnlaget for tunnel. Det er også behov for å avklare nærare konsekvensane den samla trafikksituasjonen i Bergensområdet ved rehabilitering av trafikktinge tunnelar. Dette må også koordinerast med statlege tunneltiltak. Det er også store behov for oppgradering av tunnelar som ikkje er omfatta av tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg, og fylkesdirektøren vil vurdere også desse. For fv. 49 Folgefonntunnelen er det behov for å vurdere oppgradering i samband med pågåande arbeid med KVU E134 – Bergen (Arm til Bergen) .

Fylkeskommunen mottek i inneverande år i underkant av 134 mill.kr. gjennom inntektssystemet til fylkeskommunane til særskild fordeling for kompensasjon for tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg². Med 200 mill. kr årleg vil det i avgrensa grad vere mogleg å gjere andre tiltak enn minstekrava i forskrifta i dei tunnelane som rehabiliterast. Det

er også eit stort behov for tiltak i tunnelar som ikkje er omfatta av forskrifta. Med dette løyvningsnivået vil fylkeskommunen ikkje nå kravet i forskrifta om at alle tunellar skal vere oppgraderte etter forskrifta innan fristen som er ved utgangen av 2025.

Tunelloppgraderingsprosjekta som er prioritert i økonomiplanperioden 2024-2027 er lista opp under:

Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløyving

Fv. 566 Tiråstunellen, Osterøy

- Tunelloppgradering
- Venta ferdig i slutten av 2025

Fv.614 Magnhildskartunnelen, Bremanger

- Tunelloppgradering
- Forventa bygggestart hausten 2024/vår 2025.

Fv. 540 Løvstakktunnelen, Bergen

- Tunelloppgradering
- Utsett til 2028, med moglegheit for oppstartsmidlar for prosjektering i 2027. Kan ikkje starte bygging før rv. 555 Damsgårdstunnelen er ferdig i 2025.

Fv. 50 Vassbygdtunnelen, Aurland

- Tunelloppgradering
- Planlagt bygggestart 2024. Prioriterast grunna massetransport i samband med oppgradering av E-16 Lærdalstunellen.

Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

Fv. 53 Steiggjetunnelen, Årdal

- Tunelloppgradering
- Utsett til 2028, med moglegheit for oppstartsmidlar i 2027.

Fv. 53 Tunnelar i Årdal (Finnåstunellen, Kolnostunellen og Timreskredtunnelen), Årdal

- Tunelloppgradering
- Tidlegast oppstart i 2030, etter fv. 53 Steiggjetunnelen, Årdal.

Fv. 550 Eitrheimstunnelen, Ullensvang

- Tunelloppgradering
- Utsett til 2028, med moglegheit for oppstartsmidlar i 2027.

Fv. 614 Isetunnelen, Bremanger

² Grønt hefte, tabell C-fk, s. 64

- Tunelloppgradering
- Tidlegast oppstart etter 2027.

Fv. 562 Olsviktunnelen, Bergen

- Tunelloppgradering
- Oppstart etter 2027. Tidspunkt er uavklart, grunna behov for koordinering med oppgradering av riksvegtunellar.

Fv.562 Stongafjelltunnelen, Askøy

- Tunelloppgradering
- Oppstart etter 2027. Tidspunkt er uavklart, grunna behov for koordinering med oppgradering av riksvegtunellar.



Ferjeavløysing

Eit ferjeavløysingsprosjekt inneber at det blir bygd eit nytt vegsamband, vanlegvis ei bru eller ein undersjøisk tunnel med tilhøyrande vegnett, som erstattar eller kortar inn på eit ferjesamband. Ordninga med alternativ bruk av ferjetilskot for fylkesvegferjer legg til rette for at fylkeskommunane kan delfinansiere slike prosjekt med midlane dei får for ferjesambandet gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Storleiken på ferjeavløysingsmidlane blir rekna ut på bakgrunn av reduksjon i tilskot gjennom inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av ei bru eller ein tunnel. Reduksjonen blir berekna som nettoeffekten av å endre kriteriedata i båt- og ferjenøkkelen og fylkesvegknøkkelen i inntektssystemet. Ordninga dekkjer nominelle byggjekostnader og inntil 50 prosent av berekna rentekostnader som går over maksimalt 45 år. Det er oppretta ei rentekompensasjonsordning der fylkeskommunen får kompensert inntil 50 prosent av dei årlege rentekostnadane dei første fem åra etter at vegprosjektet er ferdig.

Ferjeavløysingsordninga gir moglegheit for realisering av ferjeavløysingsprosjekt. Sjølv om ferjeavløysingsordninga gir eit betydeleg tilskot til prosjekta, er dette alle omfattande prosjekt som er krevjande for fylkeskommunen å finansiere. Fylkeskommunen må ta opp lån for å finansiere ferjeavløysingsprosjekt, og

inntektene kjem først årleg etter at prosjektet er ferdigstilt over ein periode på inntil 45 år. Fylkeskommunen må følgjeleg forskottere ferjeavløysingsmidlane frå staten. Det er også grunn til å peike på at fylkeskommunen må bere risiko knytt til kostnadsauke og rentenivå.

Det blir arbeidd med å utforme ein omforeint berekningsmodell for ferjeavløysingsprosjekta for å vurdere totaleffektane for den fylkeskommunale økonomien av å realisere ferjeavløysingsprosjekt. Vidare blir det arbeida opp mot sentrale styresmakter med sikte på minske belastninga for fylkeskommunen sin samla økonomi.

Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløysing

Fv. 606 Ytre Steinsund bru, Solund

- Ny bru og vegline. 840 meter bru og 4,8 km. ny veg
- Under bygging, forventet opning 2026

Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

Fv. 5560 Atløysambandet, Askvoll

- 3 nye bruer, lengste på 900 meter, vegline 5,2 km.
- Midlar til førebuande arbeide i budsjett

Fv. 570 Masfjordsambandet, Masfjorden

- Ny bru og vegline
- Mindre reguleringsendring pågår
- Midlar til førebuande arbeide i budsjett

Reguleringsplan under arbeid

Fv. 5052 Fjeldbergsambandet, Kvinnherad

- Kommunen står for regulering
- Ny bru (om lag 600 meter) og veg, veg vidare med fylling/bru til Borgundøy

Prosjekt treng avklaring

Kystvegen Måløy-Florø, Kinn/Bremanger

- Kryssing av Nordfjorden med bru. Ny vegline mellom rv. 15 Almenningsfjellet og Rugsundøya/fv. 616
- Blir utarbeida ein finansieringsanalyse basert på bompengar og ferjeavløysingsmidlar

Fv. 5042 Huglosambandet, Stord/Tysnes

- Bru over Lauksundet med vegsamband. Sjå og omtale av Sunnfast. Omfang ikkje avklara.
- Godkjent kommunedelplan for 1-feltsveg med møteplassar. Realisering av Sunnfast vil gje Huglo ferjeavløysing, og vil i så fall krevje ei anna løysing.

Sunnfast, Stord/Tysnes/Kvinnherad

- Nye bruer og vegline mellom ny E39 over Tysnes og Husnes-området i Kvinnherad. Kommunane har bedt fylkeskommunen om å starte opp planarbeid med vurdering av alternativ løysing med ferjeavløysing til Huglo og ferje vidare mot Husnes.
- Føreset bygging av E39 Hordfast. Bru over Husnesfjorden godkjent som ferjeavløysingsprosjekt.

Fv. 5218 Bjelkarøysambandet, Øygarden/Bergen

- I planprogram for ferjeavløysing for Bjelkarøysambandet frå 2013 vart det vedteke trase med undersjøisk tunnel.
- Hordaland fylkeskommune gjekk ikkje vidare med denne løysinga. Vidare framdrift er avhengig av ev. kommunalt initiativ for ei bru-løysing.

Nytt samband mellom og Huftarøy og Reksteren, Austevoll/Tysnes

- Vurdering av både bru og nytt ferjesamband mellom Huftarøy og Reksteren til erstatning for dagens samband til Austevoll

- Føreset bygging av E39 Hordfast. Kommunen har utarbeidd eit forprosjekt for bru, og fylkeskommunen eit for nytt ferjesamband. Fylkeskommunen avventar svar om ferjeavløysingsmidlar for å kunne vurdere finansieringsmoglegheiter.



Kollektiv i Bergen sentrum. Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Infrastruktur knytt til kollektiv

Oppgradering og nybygging av knutepunkt er viktige tiltak for å ivareta universell utforming, trafikktryggleik og funksjonalitet.

Transformasjon av sentrumsområde er og ein viktig faktor som utløyer behov for ombygging av slike knutepunkt. Då blir det som regel gjort krav om at bussparkering og verkstad må flyttast ut av sentrum. Fylkeskommunen må i slike tilfelle sette av midlar til finansiere nye parkeringar/verkstader.

Stat, fylke og kommune har viktige roller knytt til utvikling av gode publikumsretta kollektivknutepunkt. Både i samband med finansiering og drift har det vore ei utfordring når ansvaret mellom desse aktørane skal fordelast. "Veileder for gode knutepunkt" vart publisert i 2018. Her har Statens vegvesen, saman med Jernbanedirektoratet og Kommunesektorens Organisasjon, utarbeida eit rammeverk for korleis ein i fellesskap skal utvikle gode knutepunkt. Rettleiaren seier at fylkeskommunen, som ansvarleg for det regionale kollektivsystemet, skal ta initiativ for å samordne prosessar knytt til utviklinga av

knutepunkt, dersom ikkje andre aktørar gjer dette. Formelt ansvar knytt til planlegging, utbygging og drift skal likevel følgjast opp av vegeiar. I tilfelle kor knutepunkta både tener buss langs riks- og fylkesveg er det naturleg med samfinansiering.

Fleire stader er det ikkje avklara om fylkeskommunen skal byggje eller leige areal for kollektivterminalar.

I tillegg til publikumsretta infrastruktur som knutepunkt/terminalar er bussanlegg - med parkering, lading og verkstad - viktig for eit velfungerande kollektivsystem.

Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløying

Kollektivterminal Odda

- Odda kommune har inngått avtale med Odda-terminalen, venta ferdigstilling i 2025

Kollektivterminal Husnes

- Ny kollektivterminal
- Odda kommune er byggherre

Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

Fv. 544 Kollektivterminal Leirvik, Stord

- Kollektivterminal

- Ny terminal

Fv. 49 Kollektivterminal Norheimsund, Kvam

- Kollektivterminal
- Ombygging pga. utradisjonell utforming. Trongt.

Fv. 5028 Kollektivterminal Husnes, Kvinnherad

- Kollektivterminal
- Ny terminal

E39 Kollektivterminal Skei, Sunnfjord

- Kollektivterminal
- Behov for betre standard, universell utforming og trafikktryggleik

Kollektivterminal Storebø, Austevoll

- Ny terminal
- Del av Austevollpakken

Reguleringsplan under handsaming i kommunen

Fv. 617 Kollektivterminal Måløy, Kinn

- Kollektivterminal
- Behov for forbetring av universell utforming og trafikktryggleik.

Reguleringsplan under arbeid

Fv. 601 Kollektivterminal Førde, Sunnfjord

- Kollektivterminal
- Relokalisering på tomte og opparbeiding av nytt knutepunkt som følge av Førdepakken og transformasjon. Reguleringsplanarbeid for sykkelveg med fortau og ny kollektivterminal er starta opp av Førdepakken

Kollektivterminal Sandane

- Detaljreguleringsplan i regi av kommunen under arbeid.
- Ikkje teke stilling til om ein skal eiga eller leige

Prosjekt treng avklaring

Rv. 7 Kollektivterminal Eidfjord, Eidfjord

- Kollektivterminal
- Nedslitt terminal. Ikkje universell utforming. Forbetringspotensial på trafikktrygging. Er i dialog med kommunen knytt til løysingar. Ikkje avklara om det er trong for reguleringsplan eller ikkje.

Rv. 15 Kollektivterminal Stryn, Stryn

- Kollektivterminal

- Transformasjon i området kan få konsekvensar for kollektivfunksjonane.

Rv. 5 Kollektivterminal Sogndal, Sogndal

- Kollektivterminal
- Enkelt forprosjekt er gjennomført. Det pågår no diskusjonar med utbygger som har eit parallelt forprosjekt for tomte, løysingane er difor til diskusjon no - og prosjektet blir difor merka som prosjekt treng avklaring (sjølv om forprosjekt er gjennomført).



Det er store behov for vedlikehald og utbetring av fylkesvegnettet. Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Vegprosjekt

Grunna dei økonomiske rammene og mange behov, er det i avgrensa grad moglegheit å prioritere store vegprosjekt i fylket. Det er i Regional transportplan 2022-2033 lagt til grunn følgjande strategiar for vegnettet:

«h) Sikre forsvarleg og berekraftig forvaltning av vegnettet gjennom å prioritere vedlikehald og utbetring av eksisterande veg framfor nybygging.

i) Budsjettrammene til løpande drift og vedlikehald skal aukast for å stoppe forfall og redusere vedlikehaldsetterslep

j) Funksjonsinndelinga av fylkesvegnettet skal leggjast til grunn for prioritering av drift, vedlikehald, utbetring, fornying og standard på vegdrifta.

k) Vegar med funksjonsklasse B skal prioriterast ved gjennomføring av strekningsvisestandardhevingstiltak.

l) For vegfunksjonsklasse C, D og E er punktutbetring og strekningsutbetring aktuelt»

Prioritering av vegar i funksjonsklasse B som er omfatta av strekningsvise utgreiingar, er omtala i avsnittet om Prioriterte regional hovudvegar.

Vegar i funksjonsklasse C og D er det lagt til blir omtalt under eige tema «Strekningstiltak lågtrafikkerte vegar».

Det er for Vegar gjort ei prioritering av større vegprosjekt som ikkje inngår i Prioriterte regionale hovudvegar. Dette er tiltak som i utgangspunktet er over 50 mill. kr.

I prioriteringane er det lagt vekt på moglegheit for spleiselag og kombinasjon med andre tiltak i områda.

Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløying

Fv. 5156 Åsen – Helleskaret, Bjørnafjorden

- Nytt vegsamband. Oppstart bygging i mai 2023. Tilskotet frå kommunen inngår i hp Miljøløftet 2024-2027. Behov for å justere/oppdatera finansieringsavtale med kommunen.
- Kostnadsoverslag: om lag 140 mill. kr.

Fv. 548 Skånevik - Nesvågen, Etne

- Breiddeutviding med fortau. Lengde om lag 1600 m.
- Oppstart bygging i 2024.
- Kostnadsoverslag: om lag 140 mill. kr.

Fv. 5402 Bavallsvegen, Voss

- Ny veg med tilhøyrande gang- og sykkelveg. Samfinansiering med Voss kommune.
- Aktuell for oppstart i 2024/2025.
- Kostnadsoverslag: 180-280 mill. kr.

Fv. 620 Kjøde - Sandvik

- Utbetring av veg.
- Det er avsett 26 mill.kr. til mindre punkttiltak.
- Alternativ med full utbygging er vurdert til 215-500 mill. kr. Vil krevje reguleringsplan.

Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

Fv. 560 Hammarsland – Eide, Øygarden

- Ny veglinje med kort tunell. Vegen skal leggjast lenger vekk frå drikkevasskjelde.
- Totalentreprise kan bli lyst ut i 2024.
- Kostnadsoverslag: 550-700 mill. kr.

Fv. 5184 Grimstadvegen, Bergen

- Utbetring av om lag 2 km eksisterande veg, samt bygging av ny gang- og sykkelveg.
- Forutsett samfinansiering og oppfølging av rekkefølgjekrav. Teknisk forprosjekt ligg føre.
- Kostnadsoverslag: Om lag 300 mill kr. 2024-kr. Anslag basert på områdeplan.

Fv. 541 Krossleitet-Grimstvedt-Sveio sentrum, Sveio

- Utbetring av veg og tilrettelegging for mjuke trafikantar.
- Kostnadsoverslag: 340-500 mill. kr.

Fv. 545 Stord vestsida (kommunegrense Stord – Fitjar, Stord/Fitjar

- Vegutbetring med utretting av veg.
- Plan vedteke i Stord kommunestyre desember 2023.

Fv. 61 Naveosen- Brubakken

- Utbetring av eksisterande fv.61 mellom Naveosen og Brubakken i Vågsøy kommune (om lag 1,3 km).
- Førslått prioritert for økonomiplan 2025-2028 grunna skader i vegen.

Fv. 614 Svelgen-Indrehus, Bremanger

- Ny veg og tunnel. Reguleringsplanen legg opp til ny vegline inkl. 4 tunnelar. Reduksjon i reiselengde frå 16 km i dag til ca. 8 km med ny veg.
- Utsett inntil vidare grunna høge kostnader.
- Kostnadsoverslag: 1450-1750 mill. kr.

Fv. 5062 Tverrsamband sjukehuset-Ådland bru (Øvre Sæ - Tysevegen), Stord

- Nytt tverrsamband over Frugårdselva, mellom fv. 544 og fv. 5050 via fv. 5062. Motsegn mot planforslaget. Uavklart framdrift og finansiering.

Fv. 611 Sæla-Engebø del 1, Sunnfjord

- Utbetring av veglinje.
- Reguleringsplan Sæla – Liabø, Hestvika vedteken i kommunestyret mars 2024.
- Kostnadsoverslag: om lag 130 mill. kr.

Reguleringsplan under arbeid

Fv. 562 Juvikflaten, Askøy

- Utbetring av kryss og veg. Kommunen utarbeider plan.

Prosjekt klart til regulering

Fv. 611 Sæla-Engebø del 2, Sunnfjord

- Utbetring av veglinje Liabø-Engebø
- Forventar oppstart av regulering i 2024

Prosjekt treng avklaring

Fv. 561 Kolltveit – Ågotnes

- Reguleringsplan er oppheva etter klage
- Ny vegline og tilbod for mjuke trafikantar

Fv. 587 Arnatveit-Midtun (Grimesvingane), Bergen

- Tunnel eller vegutbetring. Gjennomført eit forprosjekt for strakstiltak.
- Tidlegare forprosjekt tilrår tunnel. Finansiering av denne er ikkje avklart.
- Prosjektering av strakstiltak er i gang.
- 800-1150 mill. kr. for løysing med ny tunnel.

Fv. 569 Modalsvegen

- Strekningsvise utbetringar.
- Politisk prioritert i investeringsprogrammet (inkludert fv. 5412).
- Gjort mindre tiltak (flaum- og rassikring)

Fv. 617 Kapellneset-Raudeberg, Kinn

- Utbetring av veg og tilbod for mjuke trafikantar. Lengde ca. 1,7 km.
- Forprosjekt ferdig januar 2024. Vurdering av samfinansiering i

samband med nytt kommunalt VA-anlegg og næringsutvikling.

- Kostnadsoverslag: 150-300 mill. kr.

Fv. 561 Dale bru, Øygarden

- Oppgradering av bru og vegline.
- Har vore arbeidd med reguleringsplan. Vurderer no mindre omfang av prosjektet. Heng saman med Energiparken.
- Aktuell med statleg finansiering gjennom tilskot til samfunnskritiske bruer

Fv. 576 Gjermundshamn - Tørvikbygd, Kvam/Kvinnherad

- Utbetring av vegline.
- Aktuelt for eit forprosjekt for å vurdere punkttiltak i 2024. Bør vurdere bruk av overskotsmassar til mindre utbetringar.

Fv. 424 Vesterland-Storamyri, Sogndal

- Utbetring av eksisterande veg og delvis ny vegline. Behov for å vurdere å legge om delar av vegen for å oppnå mindre stigning, større vegbreidde og betre kurvatur enn eksisterande veg.
- Kostnadsoverslag: 90 mill. 2018-kr.



Sykkeltunellen i Fyllingsdalen. Foto: Thor Brødreskift/Miljøløftet

Miljøløftet

Miljøløftet set rammer for kva for prosjekt som kan finansierast gjennom byvekstavtalen. Det fylkeskommunale bidraget i Miljøløftet representerer det aller meste av investeringsmidlar som er tilgjengeleg for fylkesvegnettet innanfor Bergen kommune. Midlane i avtalen skal porteføljestyraast etter nullvekstmålet, noko som kan skape utfordringar når det er investeringsbehov som ikkje bidreg til måloppnåing av nullvekstmålet.

VLFK er ansvarleg for at fylkesvegnettet skal vere tenleg, trygt og effektivt, noko som kan innebere behov for investeringar i Bergen kommune utover midlar gjennom Miljøløftet. Noko blir teke av potten Standardheving av vedlikehaldskaraktar i Miljøløftet som i 2024 er på 51 mill. kr. Dette er likevel ikkje tilstrekkeleg til å møte behovet. Nokre av behova er:

- Bergen har ei rekkje brusteinsgater i sentrum med stort vedlikehaldsetterslep. Vedlikehald av brusteinsgater er kostbart og tidkrevjande. Det er naudsynt å sjå utbetringa/vedlikehaldet i samanheng med andre prosjekt som går i sentrum, som Bybanens byggetrinn 5 og Graveklubbens arbeid. Det pågår ei utgreiing for å kartlegge behov for utbetring/vedlikehald av desse gatene,

og ut frå dette avklare framdrifta mot andre prosjekt som skal byggast i sentrum. Dersom eit tiltak blir prioritert i Miljøløftet har trase på ein strekning der vedlikehaldsetterslepet inngår i kartlegginga nemnt her, skal utbetringa av berevne inngå i prosjektet.

- Fv. 5184 Grimstadvegen er regulert, og har eit stort utbetningsbehov. Kostnadsanslaget er på rundt 300 mill. kr, og er utfordrande å løfte. Realisering av tiltaket vil avhenge av samfinansiering.
- Fv. 587 Grimesvingane har eit stort behov for utbetring. Det er planlagt mindre utbetringstiltak på strekningen gjennom posten Standardheving med vedlikehaldskaraktar. Det er ikkje funne midlar til finansiering av ny tunell på strekninga.

Fylkesvegprosjekt i Handlingsprogram 2024-2027

Prosjekt under bygging/vedteke prosjektløying

Fv. 5216 Håkonshellavegen, Alvøen-Myraskjenet, gang og sykkelveg, Bergen

- Oppstart aug. 2022, ferdigstilling 2024
- Etablering av gang- og sykkelveg, haldeplassar, mindre oppgradering av køyrevegen for å betre framkomme for kollektivtrafikken.

- Utviding av eksisterande køyreveg til to felt på 2,75 meter + skulder.

Infrastruktur Paradis

- Gang- og sykkeltilbodet frå Statsminister Michelsens veg mot Tunvegen er oppgradert med ny lenke for mjuke trafikantar mellom Tunvegen og Jacob Kjødesveg. Haldeplassar ved Paradis skule er oppgradert. Hovudentreprise ferdig i 2023. Gang og sykkelbro over Nesttunveien ferdigstillast i 2024.

Fylkesvegprosjekt føreslått finansiert i Handlingsprogram for 2025-2028

Fv. 5308 Utbetring av Sagstadvegen, Alver

- Post 30, statleg finansiering
- Under bygging. Hadde oppstart i 2023, ferdigstillast etter planen i 2025.
- Etablere ny trafikksikker infrastruktur med oppgradert vegkropp, ny gang- og sykkelveg / fortau og ny busshaldeplass på strekninga mellom rundkøring ved Frekhaug og Sagstad skule

Fv. 5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrseansanering, Alver

- Post 30, statleg finansiering
- Prosjekterast
- Etablere ny og trafikksikker infrastruktur med fortau og avkøyrseansanering mellom eksisterande fortau og fram til krysset til Hillesvåg, forbi kollektivterminal og mot bustadområde mot Kleivdalsvegen og Apalen.

Fv. 5458 Ostereidet/Lindsdalen, Alver

- Post 30, statleg finansiering
- Prosjekterast
- "Etablere av 350-400 m gang og sykkelveg/ fortau langs bratt fylkesveg mellom Ostereidet Senter og kommunal veg til Ostereidet skule. Vegens bredde vert ikkje endra, men det etablerast eit fortau opp svingane. Det nye tilbodet koplatt i ein midlertidig gang-løysing opp mot senterområdet.

Fv.5254 Kleppevegen ved Myrane, Askøy

- Post 30, statleg finansiering

- Under bygging. Hadde oppstart hausten 2023, estimert ferdigstilling i 2025.
- Endring av kryss og avkøyrser, etablering av gang- og sykkelveg/fortau, ny busshaldeplass, og "kiss and ride"

Fv. 5324 Hagerupsveg- Storetveitvegen- Nattlandsveien, oppgradering av sykkelfelt/fartspuuter, Bergen

- Oppstart venta hausten 2024
- Oppgradering av gata mellom Birkeveien og Vilhelm Bjerknes' vei med sykkelfelt og fortau. Fartsreduserande tiltak.
- Tiltaket inkluderer oppgradering av haldeplassar og oppstramming av kryss.

Fv. 5190 Strakstiltak Apeltunvegen, Bergen

- Prosjekterast, venta å starte opp i 2024/2025
- Betre høva for mjuke trafikantar på ein strekning på 1,8 km.
- Aktuelle tiltak: Justering av fartsgrense, belysning, oppgradering av kryssingspunkt, fortau, utbetre sikt, skilt og utforming av avkøyrser/ kryss der det er mogleg utan reguleringsplan.

Fv. 5348 Klostergaten, gateopprusting, Bergen

- Prosjekterast
- Strekninga treng opprusting for å prioritere mjuke trafikantar og universell utforming i sentrum.
- Om lag 600m. Omfattar Haugeveien, frå Haugesmauet, heile Klostergaten, og Markeveien ned til Christian Michelsensgate. Frå Haugesmauet til Østre Murallmenning skal heile gata rustast opp om lag som for tilgrensande strekning i nordvest (Haugeveien). Ein skal halde seg innanfor eksisterande gatetverrsnitt. I Markeveien skal det gjerast enklare tiltak utan full gateopprusting.

Fv. 557 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken - Glassknag

- Post 30, statleg finansiering
- Under bygging i regi av Statens vegvesen (sykkelruta er eit erstatningstilbod for Fløyfjellstunnelen og dermed et riksvegprosjekt).

- Prosjektet inkluderer tilbud til gåande samt kollektivfelt. På strekningen mellom Bradbenken og kryss med Sandviksvegen etablerast sykkelveg.

Fv. 552 Etablering av trafikkisikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen, Bjørnafjorden

- Post 30, statleg finansiering
- Under bygging. Hadde oppstart våren 2024, estimert ferdig 2026.
- Etablering av trafikkisikker- og attraktiv gang- og sykkelløysing langs Hatvikvegen. Endring av vegline

Fv. 5156 Åsen-Helleskaret, gang og sykkelveg, Bjørnafjorden

- Post 30, statleg finansiering
- Under bygging, venta ferdig i 2025/2026
- Bygging av 2 km ny veg , sykkelforbindelse mellom senter i Lysefjorden og Endelausemarka.
- Kommunen ønsker å delfinansiere sitt bidrag med statleg tilskot over Miljøløftet

Fv. 560 Skogsskiftet sentrumsområde, Øygarden

- Post 30, statleg finansiering
- Prosjekterast
- Etablering av samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesveg, utbetring av kryss ved kommunedelsenteret ved Skogsskiftet. Ombygging av 3 T-kryss til rundkøyring.
- Total strekning er om lag 1400-1500 m inkludert koplingar i kryss.

Fv. 5150 Trollaldalen- Lepsøyvegen, Bjørnafjorden

- Post 30, statleg finansiering
- Under bygging i regi av Bjørnafjorden kommune.
- Etablering av fortau samt overgang.

Fv. 565 Manger kyrkje- Hesthaugen, fortau, Alver

- Post 30, statleg finansiering
- Prosjekterast
- Etablering av om lag 120 meter fortau i Manger sentrum.

Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

Fv. 5264 Nordre Hauglandsveg, Askøy

- Post 30, statleg finansiering
- Etablere gang- og sykkelveg på Nordre Hauglandsveg, ca. 400 m frå Kjerrgardskrysset. Betre gangtilkomst til busstopp.
- Realiserast i tilknytning til tiltak i Askøypakken, men haldast finansielt heilt avskilt.

Nonneseter

- Utviding av torgareal og haldeplassareal på Nonneseter for å betre framkomst for miljøvenleg transport.
- Prosjektet omfattar riving av Sølvsvefabrikken
- Tett dialog med/ godkjenningar av Riksantikvar mm. er premiss for realisering

Reguleringsplan under arbeid

Fv. 582 Storetveitvegen, Hagerupsveg-Minde Alle, Bergen

- Post 30, statleg finansiering
- Sykkelveg med fortau og haldeplassar. Utbetring av vegbane, etablering av rundkøyring og trygge kryssingspunkt for mjuke trafikantar.

Fv. 582 Årstad, Storetveitvegen, (Hagerupsveg-Fantoft), sykkelanlegg, Bergen

- Post 30, statleg finansiering
- Om lag 1,6 km sykkelveg med fortau, utbetring av vegkryss, lysregulert kryssing av Storetveitvegen, fartsreduksjon.

Fv.585 Nattlandsvegen, Birkelundstoppen-Hagerupsveg nord, Bergen

- Post 30 Miljøløftet
- Oppgradering av veg med sykkelfelt, fortau og mogleg kollektivfelt

Fv. 558 Tennebekk næringsområde, ombygging av kryss/ avkøyrsløse, Bergen

- Etablere meir trafikkisikker løysing for tilkomst til Tennebekk næringsområde.

Fv. 5306 Hesthaugvegen, Åsane terminal-Morvik, del 1 Åsane terminal-Haukedalen skole, Bergen

- Etablering av sykkelveg med fortau og betre framkome for kollektivtrafikk,

betring av trafikktryggleik på ei strekning på litt over 1 km

Fv. 5206 Kjøkkelvikvegen, Bergen

- Utbygging av samanhengande gang- og sykkeltilbod, haldeplassar, kryssingspunkt om lag 1,8 km mellom Sotraveien og Fæsterhuset.
- Vassforsyning frå Bergen til Askøy skal etablerast på same strekning dei nærmaste åra og det går prosessar for å koordinere desse prosjekta i tid.

Fv. 5242/5244 Miljøgate Ågotnes, Øygarden

- Post 30, statleg finansiering
- Første byggetrinn av miljøgate frå parkeringsplass Kårtveitpollen langs fylkesvegen til innkøring til dagens kollektivterminal. Tiltaket inkluderer gang/sykeltrase
- Regulerast i kommunal regi.

Prosjekt klart til regulering

Fv. 5452 Hillesvåg – Apalen, Bergen

- Post 30, statleg finansiering
- Trafikksikkert tilbod med gang- og sykkelveg langs smal og trafikkfarleg skuleveg. 0,6 km.
- Naudsynt med oppdatering av reguleringsplan. Er tildelt planmdlar.

Fv. 5474 Seim, fortau og avkøyrlesanering, Alver

- Post 30, statleg finansiering
- Etablere fortau, busshaldeplassar og sanering av avkøyrslar
- Naudsynt med oppdatering av reguleringsplan. Er tildelt planmidlar.

Prosjekt som kan bli aktuelle ved kommande rulleringar av RTP investeringar (og Handlingsprogram i Miljøløftet)

Behovet for utbygging og oppgradering av infrastruktur for mjuke trafikantar er stort innanfor Miljøløftet sitt geografiske nedslagsfelt, også ut over dei tiltaka som er inkludert i HP 2024-2027. Nedanfor blir det peika på aktuelle strekningar med behov for utbygging. Lista er uprioritert, og det er truleg langt fleire strekningar og tiltak som har behov.

Rangering og prioritering av prosjekt skjer gjennom porteføljestyring inn mot årlege rulleringar av RTP investeringar (og Handlingsprogram Miljøløftet). Oversikten syner

prosjekt som er særskild aktuelle for fylkeskommunen å vurdere ved framtidige rulleringar av dokumenta. Det vil vere tidlegare omtalte portefølje- og prioriteringskriterium som avgjer kva prosjekt som vil vere aktuelle innan høvesvis Miljøløftet og ordinert fylkesbudsjett. Lista er ikkje uttømmande, og ikkje rangert. Det er fleire strekningar med stort behov, og som kan vere viktigare enn prosjekt på denne lista. Dette vil bli drøfta gjennom dei årlege rulleringane.

Det vil neppe vere rom for å kunne finansiere alle desse prosjekta.

Prosjekt ferdig regulert/ikkje behov for reguleringsplan

FV.560 Vorland –Forland

- Etablere løysing for gåande og syklende
- Naudsynt grunnverv er gjennomført av Statens vegvesen gjennom sams vegadministrasjon.
- Tiltak inngår i portefolio for Miljøløftet 2024. Framdrift ikkje avklara

Reguleringsplan under handsaming i kommunen

Fv. 5256 Erdalsvegen, Askøy

- Gang- og sykkelveg

Reguleringsplan under arbeid

Fv. 564 Salhusveien, Bergen

- Sykkelveg med fortau, haldeplassar
- Inngår i portefolio Miljøløftet Inngått finansieringsavtale om eksternt anleggsbidrag.
- Planutkast har vore på høyring. Prosjektoptimalisering inngår i planarbeidet.

Fv. 5364 Dag Hammerskjoldsveg, Benshaugen - tunnel, Bergen

- Sykkelveg med fortau
- Kommunen arbeider med områdeplan.

Fv. 5364 Dag Hammerskjoldsveg Bergen,

- Kollektivfelt
- Kommunen arbeider med områdeplan.

Fv. 5364 Torgny Segerstvedtsveg - Lillehatten-tunnelen, Bergen

- Sykkelveg med fortau
- Kommunen arbeider med områdeplan

Fv. 552 Mobergsbakken, Bjørnafjorden

- Uavklart løysing
- Kommunen arbeider med områdeplan

- Fv. 583 Byvegen, Bjørnafjorden
- Sykkelveg med fortau
 - Kommunen arbeider med områdeplan

Fv. 563 Ask - X Floridavegen-X Signalvegen, Askøy

- Gang og sykkelveg
- Reguleringsplan i kommunal regi

Fv. 5240 Arefjordvegen, Øygarden

- Fortau eller gs-veg
- Reguleringsplan i kommunal regi

Fv.5200 m.fl. Infrastruktur Paradis -vidare utbygging, Bergen

- Vidare utbygging og kopling mot tilgrensande tiltak.
- (Tunvegenplanen)

Årstad, Storetveitvegen (Storetveit skole-Paradis), sykkelanlegg, Bergen

- Om lag 1 km gang og sykkel.
- Løysinga blir vurdert i planarbeidet. (Plan frådelt "Fv. 582 Årstad, Storetveitvegen, (Hagerupsveg-Fantoft), sykkelanlegg").

Prosjekt klart til regulering

Fv. 552 Hatvikvegen, inkl. Finnebrekkakrysset - bybrua, Bjørnafjorden

- Sykkelveg med fortau
- Kommunen arbeider med områdeplan,
- Fylkeskommunen vil stå for eventuell detaljregulering.

Fv. 5354 Garnesvegen, Bergen

- Forprosjekt anbefaler eit smalare gatetverrsnitt. Fortau, tosidig til skuleområdet, einssidig vidare til krysset ved Rasmusvegen. Redusert fartsgrense.
- Heile strekninga bør regulerast og byggast, mogleg etappevis utbygging, der strekninga Bommane-skuleområdet bør byggast ut først.

Fv. 5174 Kokstadvegen, Bergen

- GS-anlegg og kollektivfelt
- Forprosjekt fullført.

Fv. 5190 Apeltunvegen, Langsiktige tiltak, Bergen

- Gang- og sykkeltiltak
- Forprosjekt fullført.

Fv.5242 Vestsidvegen, Øygarden

- Tilbod for mjuke trafikantar

- Tiltak inngår i portefolio for Miljøloftet 2024. Framdrift ikkje avklara. Estimert oppstart på regulering i 2024. Naudsynt med god og tett prosess med kommunen

Fv. 5472 Kleivane, Alver

- Fortau

Fv. 5218 Austre Sundvegen (Klokkarvik), Øygarden

- Fortau

Prosjekt treng avklaring

Fv. 574 Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet-Lyderhornsveien, Bergen

- Sykkelveg med fortau
- Inngår i portefolio Miljøloftet.
- Vurderingar rundt prosjektoptimalisering pågår

Fv. 585 Haukelandsveien (Ibsensgate-Fløenbakken), Bergen

- Forbedra tilbod til gåande, syklende og kollektivreisande
- Oppstart forprosjekt august 2023 for å avklare løysingar.

5216 Loddefjord terminal, Bergen

- Oppgradering av kollektivterminal og sykkelveg med fortau
- Forprosjekt pågår

Fv. 584 Michael Krohns gt. Bergen

- Forbetringar av dagens sykkeltil

Fv. 57 Knarvik -Isdalstø, Alver

- Sykkelveg med fortau
- Komplisert strekning med fleire avhengigheiter.
- Forprosjekt ikkje starta.

Fv. 565 Alversund-Isdalstø, Alver

- Sykkelveg med fortau
- Treng avklaringar og reguleringsplan
- Forprosjekt ikkje starta.

Fv.564 Holme-Mjåtveit, Alver

- Gang- og sykkelveg
- Uavklart utstrekning og omfang.
- Deler av strekninga ligg i Nordhordlandspakken.

Fv. 556/5200 Kryssing av E39 ved Fjøsanger, Bergen

- Lokalveg for gang og sykkel knytt til det statlege gs-prosjektet Fjøsanger - Kristianborg